

## Tabell 1-fk

### Rammetilskot til fylkeskommunane 2018

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572, post 60–64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 – *Sum rammetilskot 2018*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2017. Skatteutjamninga skjer gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2018 og rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2019 og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir altså først klart i februar 2019.

### Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og overgangsordninga for nytt inntektssystem. Sjå tabell 2-fk for meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet.

### Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som eit beløp per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2017. Satsane for 2018 er uendra frå 2017.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 193
Troms	1 358
Finmark	1 855

### Kolonne 3 – Skjønstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser fordelinga av skjønstilskotet til fylkeskommunane for 2018. Departementet føreslår fordele 351 mill. kroner i ei basisramme til fylkeskommunane. Differensiert arbeidsgjevaravgift i transportsektoren blir igjen innført frå 1. januar 2018. Kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift blir dermed avvikla frå 2018. Departementet føreslår å halde tilbake 38,9 mill. kroner innanfor skjønstilskotet til fylkeskommunane til ekstraordinære hendingar o.a. i løpet av budsjettåret (reservepott). Se Prop 1 S (2017-2018) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet for ei meir utførleg framstilling av skjønstilskotet.

### Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2018

Sum av kolonnane 1–3.